



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kjell Hegna, 5557 2321

Vår dato
22.09.2014
Dykkar dato
17.07.2014

Vår referanse
2014/9191 561
Dykkar referanse
14/1408

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vurdering av konsesjonsplikt for auka slukevne og ny overføring av vatn til Indre Jåstadelva og Kvednhusbekken kraftverk i Ullensvang herad

Auka slukevne og ny overføring av vatn til Indre Jåstadelva og Kvednhusbekken vil etter vurderinga til Fylkesmannen i Hordaland ikkje føre til skade eller nemneverdig ulempe for allmenne interesser i vassdraget. Vi meiner difor at ein kan gi konsesjonsfritak etter vassressurslova til det omsøkte prosjektet.

Vi viser til brev frå NVE av 17. juli 2014, der ein ber Fylkesmannen vurdere om tiltaket vil føre til skade eller nemneverdig ulempe for allmenne interesser i vassdraget. Vi er også bedt om å vurdere kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8. Vurderingane våre gjeld påverknaden på sjølve vasstrengen.

Det omsøkte tiltaket omfattar auka slukeevne i eksisterande kraftverk bygd med konsesjonsfritak og ny overføring av vatn til det same kraftverket. Relevante endringsdata er vist i tabellen under. Det påverka området er ikkje synfart etter synfaringa i samband med søknaden om konsesjonsfritak for det opphavlege kraftverket.

Prosjektdata	Opphavleg prosjekt	Auke i omsøkt prosjekt
Installert effekt (MW)	0,99	+0,16
Brukstid (timar)	4500	+700
Produksjon (GWh/år)		+0,37
Påverka elvestrekning (m)	860	+200*
Største slukeevne (l/s)	495	+75
Minste slukeevne (l/s)	25	-
INON-reduksjon (km²)		0
Verna vassdrag	Nei	Nei

*Lengde på elvestrekning som blir påverka av ny fråføring

Søknaden er uklar på kva ein legg opp til som minstevassføring på dei påverka elvestrekningane. Det er ein føresetnad for vurderingane våre under at NVE syter for at prosjektet blir utforma med akseptable minstevassføringar.

Vår vurdering av tiltaket

Fylkesmannen vil vurdere søknaden ut frå omsyn til dei fagfelte vi har særskilt ansvar for. Berre potensielle konfliktområde er omtala.

Etter vår meining vil dei omsøkte endringane føre til små forverringar for allmenne interesser i dei påverka vannforekomstane i høve til det prosjektet som allereie har fått konsesjonsfritak.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller førekomstar av artar i tiltaksområdet. Naturtilhøve som vegetasjon, geologi, topografi eller fukttilhøve tydar ikkje på at sjansane for å finne slik er spesielt store.

Den nye overføringa vil ikkje redusere INON-arealet i området.

Ved utlaupet i Sørfjorden er Indre Jåstadelva flat, og her er det reproduksjon av sjøaure. Det opphavlege minikraftverket er plassert så langt inne/oppe at drifta ikkje påverkar anadrom fisk negativt. Den omsøkte auka slukeevna vil etter vår meining ikkje endre på dette tilhøvet. Det er likevel viktig å velje tekniske løysingar som hindrar gassovermetning på vassvegen frå innlaup, via turbin til utlaup til skade for anadrom fisk. Etter naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar i rimelig grad dekke kostnadene for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet.

Kunnskapsgrunnlaget

Etter naturmangfaldlova § 8 skal kunnskapsgrunnlaget stå i rimelig forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Søknaden inneheld lite informasjon om biologisk mangfald i det påverka området. Kunnskapen om biologisk mangfald er likevel godt belyst gjennom andre kanalar, som Naturbase, Artsdatabanken og Villaksportalen. Opplysningane frå disse kjeldene viser at tiltaket ikkje kommer i konflikt med spesielle verdiar ein ønskjer å ta vare på. Fylkesmannen vurderer difor naturmangfaldlova § 8 som oppfylt.

Konklusjon

Dei omsøkte endringane i Indre Jåstadelva og Kvednhusbekken kraftverk vil ikkje føre til skade eller nemneverdige ulemper for allmenne interesser. Fylkesmannen meiner difor at ein kan gi konsesjonsfritak etter vassressurslova for dei omsøkte endringane i kraftverket.

Med helsing

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Kjell Hegna
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Jåsundkraft	v/ Øyvind Svartveit	5777	Grimo
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	Kinsarvik
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim